



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Marianne Kjelby, 55 57 20 55

Vår dato
07.01.2015
Dykkar dato

Vår referanse
2014/6116 621
Dykkar referanse

Kommunane i Hordaland

Unøyaktig rapportering fra barnevernet

Kommunane må sikre at tala som vert rapporterte til Fylkesmannen er korrekte. Fylkesmannen brukar tala som del av grunnlaget for vurdering av tilsyn med kommunane og er avhengig av at rapporten stemmer med dei faktiske tilhøva.

Fylkesmannen starta hausten 2014 tilsyn med 13 kommunar på bakgrunn av barnevernstenesta si halvårsrapportering pr. 30. juni 2014. Det gjekk mellom anna fram av rapportane at til saman 141 barn stod utan tiltak i fylket etter at barnevernstenestene hadde konkludert med behov for tiltak. I 40 undersøkingar var det brot på seks-månadsfristen.

I tilbakemeldinga frå kommunane kom det fram at fleire av tiltaka var i gang på rapporteringstidspunktet, og at det reelle talet barn som venta på tiltak var langt lågare. Det viste seg at mange av tala som vart rapportert inn, ikkje samsvara med dei faktiske tilhøva i kommunen, men skuldast feilføring og unøyaktig registrering i fagsystemet.

Fylkesmannen fann ikkje grunn til ytterlegare oppfølging i desse sakene, og tilsyna er no avslutta. Vi legg til grunn at alle kommunane for framtida sikrar at sakene vert registrert nøyaktig i fagsystemet og rapporterer den reelle situasjonen i barnevernet. Vi ber om at kommentarfeltet i rapporten i større grad vert nytta for å forklare tala.

Dersom nokon har spørsmål til rapporteringa, kan seniorrådgjevar Marianne Kjelby, fmhomkl@fylkesmannen.no eller rådgjevar Marianne Hammer, fmhomar@fylkesmannen.no kontaktast.

Med helsing

Øystein Breirem Jacobsen
seksjonsleiar

Marianne Hammer
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.